

# KYRKJEBLAD



**B** PORTO BETALT  
VED  
INNLÆVERINGA  
PÅ  
KIRKJEBLAD  
NORGE / NORG  
FULLDISTRIBUSJON  
RETURADRESSE:  
Vullum Design as  
Pb. 122,6659 Rindal

November 2008

«Lær den unge den vei han skal gå, så forlater han den ikke når han blir gammel.» Ordspr 22,6

Nr. 5 - 68. årgang

## Ein spegel for Guds ansikt

*Når det blenkjer ei lita glo  
brått som eit bløkt –  
pust forsiktig, for tenk om ho  
kunne bli sløkt!  
Men av kjærleik og sunn fornuft  
veit vi det gjeld:  
lita glo må ha ly og luft  
skal det bli eld.*

*Livet kan verke skjørt og veikt  
når det blir til,  
men forunderleg sterkt og seigt  
fordi at det vil:  
Som ein gullbost har kraft i seg  
av dunlette fjon  
til å sprengje ein asfaltveg  
med tru og med von.*

*Solbrun engel i snøkvit serk  
med nyvaska hår,  
verdens vakraste underverk  
er spegelen vår –  
slik at alle som vil kan sjå  
at det største som finst,  
er Guds ansikt i blikket frå  
den som er minst.*

*Dåpsdikt av Sverre Hatle*



Søndagsskuleborn på hausttakkefest i Gjøre kapell.

Foto: Rita Flatvad.

## Med Jesus til borna

Da Jesus gav disiplane dåpspåbodet eller misjonsordren, så vektla han opplæring. « - døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage Ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk.» Kven skal gjera det? Dei første skulane i landet vårt vart starta for å ivareta dette oppdraget i eit land med ei grunnlov bygd på kristen tru og tradisjon. Dette vart lenge formidla gjennom skulen, med trusopplæring, bibelkunnskap, salmesong og bøn. I dag er ikkje dette lenger skulens ansvar. Den kan formidla kunnskap, men trusopplæring er overlatt til foreldra og kyrkja. Vi har fått trusopplæringsreformen i kyrkja, og den når mange, men det er likevel stort behov for andre hjelpetiltak for å føra borna

til levande tru. Friviljuge organisasjonar driv aktivt barne- og ungdomsarbeid, ikkje minst har Søndagsskulen dreve eit stort arbeid mellom born over heile landet i over hundre år, frå Norsk Søndagsskuleforbund vart starta i 1889. I år feirar Nordmøre krets av søndagsskulen 100 år. Kyrkjebadet gratulerer og ynskjer lukke til vidare med det viktige arbeidet som blir gjort på vegne av kyrkja!

I Indre Nordmøre prosti har Nordmøre Søndagsskulekrets 21 søndagsskular.

Hjelpeopplegget «Sprell levende» har fornya og vitaminisert søndagsskulearbeidet rundt om i landet og er ei god hjelp for søndagsskulearbeidarar.

Hedda vart døypt på Røstasetra  
10. august. Foto: Harald Fugelsøy.



# ØRE

Øre - Gjemnes

Kyrjekontoret 71 29 39 00  
Telefaks 71 29 38 28  
E-post sokneprest: petter.dahle@gjemnes.kommune.no  
Biletet: Øre kyrkje

## Kyrkja på Gjemnes

No kan vi glede oss over alt arbeidet som er gjort for å vedlikehalde den fine kyrkja på Gjemnes. Nytt vindaug i våpenhuset er kome på plass. Heile tårnveggen er malt og vassbord er reparert. Dette har kommunen stått for. I tillegg har Gjemnes menighetsråd med fleire hatt ein svært aktiv sommar. Heile kyrkjegolvvet er vaska og måla 2 strøk

på dugnad. Fleire vindu har fått ny maling inne i kyrkja. I tillegg til alt dette har dei organisert "Åpen kirke" i juli der nærare 40 personar som er knytta til kyrkjelyden har vore vertar.

Ein stor takk til leiaren for menighetsrådet, Roger Mork, som har vore ein sentral person i dette arbeidet!



Her er nokre av dei som fekk kyrkjebok i Gjemnes. Foto: Kåre Jan Storvik.

## Haustattakkefest

Vi har feira haustattakkefest i Øre og Gjemnes. I år har hausten vore svært fin, og uansett ver har vi rikeleg å leve av her hos oss.

Samtidig med haustattakkefest var 4-åringane invitert til kyrkje for å få si kyrkjebok. Dei aller fleste møtte opp i kyrkja, og mange hadde med seg både foreldre, besteforeldre og familie elles.



4-åringane i Øre var samla i kyrkja fredagen forut, for å gjere seg kjent i kyrkja og øve til søndagen. Foto: Petter Dahle.



Dugnadsarbeid i Gjemnes kyrkje, Roger og Hallvard på stillaset.

Foto: Petter Dahle



Flemma søndagsskule har ca. 14 medlemmar – ein "Sprell levende" gjeng. Det er ein tradisjonell søndagsskule, sjølv om det er laurdag som er samlingsdagen. Som aktivitet denne dagen lagar barna julekort som rumenske barnehomsbarn skal få. Alle skriv god jul og godt nyttår på rumensk – det krev stor konsentrasjon. Korta blir dekorert med klistremerke i alle variantar. Det er kjekt å gjere noko som kan gle andre! Leiaren er Marie Hoem, Maria Flemmen og Aud Toril Gagnat. Foto: Bjørnar Gagnat.

## Konfirmantarbeidet

For å styrkje konfirmantarbeidet, har sokneråda lyst ut ei 40% stilling for ein medarbeidar til å gå inn i arbeidet mellom born og unge. Ein har fått noko støtte til dette gjennom midlar frå Opplysningsvesenets fond. Det har vist seg vanskeleg å få nokon til dette arbeidet. Men som ei midlertidig løysing er Aud Toril Gagnat villig til å redusere sin del av klokkearstillinga – (søndagstenesta) - for å gå inn i noko av arbeidet som er knytta til konfirmantane. Vi trur dette vil gje positivt utslag for konfirmantane og større variasjon i konfirmantarbeidet.

## Søndagsskular i Øre prestegjeld

Osmarka	Knut Ivar Heggem
Batnfjord	Målfrid Bjerkeset
Flemma	Aud Toril Gagnat
Torvik	Hans Orset
Øre Barnegospelkor	Aud Toril Gagnat



# TINGVOLL

Tingvoll - Straumsnes

Menighetskontoret 71 53 03 03  
Telefaks 71 53 12 40  
E-post: post@kirken.tingvoll.no  
Biletet: Straumsnes kyrkje

## Dugnadsgjeng

I Tingvollvågen blir søndagsskulen leia av ein dugnadsgjeng på fem som skifter på å ha søndagsskule ein søndag kvar månad i Menighetshuset, utanom søndagar med familiegudstenester og liknande. Ved bruk av søndagsskuleopplegget «Sprell levande» får dei ein raud tråd i undervisninga. Dei brukar også flanellograf, fortel Britt Henriksen, som er kontaktperson. Dei planlegg eit betre samarbeid med kyrkja der også søndagsskulen kan vera med ved gudstene-  
stene.

«Det viktigaste er å få formidla gleda til borna, så dei får ei god oppleving i tilknytning til budskapen om Gud og Jesus.»

Barnegospelkoret er også tiknyta søndagsskulen. Der er Audun Sæbø kontakt og Britt Henriksen dirigerer. *ERE*

## Destruering av gamle gravminner fra kirkegårdene i Straumsnes og Tingvoll.

Som en siste informasjon fra kirkevergen gjøres det nå oppmerksom på at gamle gravminner som står stuet langs utgarder, kirkemurer og ved andre oppsamlingsplasser på kirkegården vil bli destruert. Hvis noen savner sitt gravminne, må kirkevergen få beskjed. Hvis noen ønsker at kirken/gravstedet skal ta vare på et historisk gravminne for etterslekten, må kirkevergen få beskjed. I løpet av desember vil kirkevergen organisere innsamling og bortkjøring av alle gravsteiner som ikke er montert på ei grav. Viser for øvrig til artikkelen om samme tema som stod i Aura Avis og Tidens Krav i september.

Nils Heggem, Kirkeverge



## Ny biskop

Søndag 21. september vart Ingeborg Midttømme vigsla til biskop i Møre bispedømme.

Ingeborg Midttømme er 46 år gammel, frå Oslo, og har vore leiar for Presteforeninga.

Vigslinga fann stad under 25-årsjubileet for Møre bispedømme som i 1983 vart skilt ut frå Nidaros og Bjørgvin som eige bispedømme. Møre er det yngste bispedømmet, men har den eldste tradisjonen av kyrkje og kristendom i landet. Ingeborg Midttømme er i dag landets yngste biskop.

Ingeborg Midttømme vart vigsla til biskop 21. september.

Foto: Bjørn Olaf Storhaug, Møre bispedømme.



Kåre Rånes fikk fiskeutstyr som avskjeds-gave fra kollegaene ved kirkeverge Nils Heggem og kirketjener Edvard Røkkum.

Foto: Adam van der Velde.

### Søndagsskular i Tingvoll prestegjeld

Tingvollvågen	Britt Henriksen
Frimerkeklubben	Otto Seljebotn
Grimstadhøgda	Synnøve Sæbø
Barnegospelkoret	Audun Sæbø



# SUNNDAL

Hov - Romfo - Øksendal - Ålvundeid

Menighetskontoret 71 69 26 11  
 Telefaks 71 69 25 44  
 E-post: ekspedisjon@sunndal-  
 kirke.no  
 Bildet: Middelaldarkrusifiks,  
 Romfo kyrkje

## Sommar på Phillipshaugen



I sommar har det vore mykje aktivitet på Phillipshaugen, Misjonsselskapets leirstad i Øksendal i Sunndal. Hausten begynte med feriedagar for dei eldre, og her fekk dei mellom anna vere med på bibeltimar saman med Bjørn Hovde, der temaet var "I Herrens hender".

Laurdag hadde deltakarane tur til Nesset Prestegard, og i nydeleg haustver fekk dei omvisning av kulturkonsulent Bjørn Ølander. Kaffen vart drukken i løveveggen, på det som no har vorte omskapa til kulturhus.

## Kyrkjeskule

Det er eit uvanleg namn på søndagsskulen i Øksendal, frå dei hadde søndagsskule i kyrkja. No har dei rom på skulen der dei samlast ein time annakvar måndag kveld, frå 4 år til 4.-5. klasse. Frå i fjor vart kyrkjeskulen delt, så dei større borna, frå 4.-5. klasse, samlast til fredagsklubb ved Mette og Bård Boye. Ingrid Steinland tok over søndagsskulen for 7-8 år sidan. Inger Jorunn Forset hjelper med dei små.

Ingrid meiner det er viktig at borna blir kjent med Jesus og at dei får formidla glede og tilhøyring.

«Vi prøver å møta borna der dei er, med den forskjellige bakgrunn dei har for trua, og det kan vera stor forskjell,» seier Ingrid som fortel at dei brukar ymse verkemiddel, plukkar det som passar frå «Sprell levande», forming, song og bibelforteljing, med fast opning og avslutning, også «bitetid» med litt godt å eta. Alle er velkomne i Kyrkjeskulen og Fredagsklubben.

ERE

Den siste helga i august er det fast tradisjon at det er kvinneveke-end på Phillipshaugen, og det var ingen unntak i år. Rundt 20 kvinner var med denne helga, før leirstaden vart fylt med glade sunndalskonfirmantar.

Rundt 50 konfirmantar var med på dei to leirhelgene, og her gjekk undervisning og sosialt samvere hand i hand.

Viss det er nokon som treng ein stad å arrangere ulike slag leirar eller privat lag, er det mykje ledig på Phillipshaugen. Ta i så fall kontakt med styraren for nærare avtale.

Ingunn Karijord

## Måndagsskule på Fale

Rita Flatvad held søndagsskule på måndagskveldar ein gong for månaden i grendahuset på Fale. Med litt hjelp av foreldre er ho åleine om å takla 10-15 born. Det viktigaste for henne er at det skal vera ein plass der borna får høyra om Jesus. Dei brukar opplegget «Sprell levande» med forteljingar, song, leikar og litt mat. Siste helg på september var søndagsskulen med og song ved familiegudsteneste og haustkakefest på Gjóra, med utdeling av bøker til 4 og 6-åringar. (Sjå bilete på forsida.)

Søndagsskulen har mest born frå 1.-6. klasse. Dei største skal no få gå hjelpeleiar-kurs. Og dei ynskjer å vera med på jubileumsdagen på Høgtun.

ERE



27. juli vart det halde friluftsgudsteneste i Innerdalen i strålande sommarver. Når ein sit ved Innerdalshytta med trekorssett i bjørk lena mot veggen, med høge fjell på alle kantar og ein knallblå himmel over, følest det som å vere i ein Gudskapt katedral. Foto: Liv Anne Innerdal

## Familiekor

Kantor Ingebjørg Charlotte Storset driv familiekor med vekt på leik og bibelforteljingar. Koret er tilknytta Søndagsskuleforbundet og er einaste søndagsskuletilbod på Sunndalsøra.

## Positivt engasjement

«Vi opplever dette arbeidet positivt,» seier Asbjørn Innerdal som sammen med Liv Anne og ein hjelpeleiar har dreve søndagsskule på Ålvundeidet frå dei kom dit rundt 1980-talet. «Men det er fleire tilbod i kristen regi for borna her, barnekor, gutelag og jentelag, så ein må fordela seg litt.»

Han seier at bibelforteljinga er det sentrale, men dei brukar fleire verkemiddel, videosnuttar og ymse aktivitetar. Gjennom søndagsskuleopplegget får borna læra mange av dei faste ledda i gudstenesta. 8-10 born møter opp på bedehuset dei søndagane det ikkje er gudsteneste. Også born frå Øra kjem dit, men i haust har det vore vanskeleg på grunn av trafikkproblem.

ERE



Ålvundeid barnekor har i mange år no delteke på gudstenesta julaftan i Ålvundeid kyrkje, til stor glede både for borna sjøl og for tilhøyrarane. Jule-songøvinga har starta, og det er fine opplevingar i vente julaftan 2008 og.

Foto: Liv Anne Innerdal

### Søndagsskular i Sunndal prestegjeld

Ålvundeid	Asbjørn Innerdal
Ålvundfjord	Arne Drøpping
Øksendal	Ingrid Steinland
Kyrkjeskule	Bård og Mette Boye
Fredagsklubben	Ingebjørg Charlotte Storset
Hov familiekor	Rita Dymes Flatvad
Romfo	



## Kommentaren

# Ny salmebok – igjen

Det har ofte stormet rundt salmebøker. Da Kingo på 1600-tallet la frem et forslag til ny salmebok, ble det møtt av skarp kritikk. I 1798 kom "Evangelisk-Christelig Psalmebog". Den møtte kompakt motstand. Ikke så rart, for her var både teologi og poesi sterkt utvannet. Så kom Landstads, altså "gamle" Landstads. Den ble møtt med både beundring og sterk kritikk, særlig for sin radikale norskhet i språket. Da den skulle revideres for 90 år siden, ble det igjen strid, før Landstads "reviderte" som vi kjenner den, forelå. Nåværende salmebok har vi hatt i vel 20 år. Nå er en ny salmebok på trappene igjen.

Jeg tror det blir mindre strid denne gangen. For det første er det en atskillig åpnere prosess. Alle har vært invitert til å sende inn sine forslag – og utkastet som nå foreligger, sendes i disse dager ut til soknerådene i hele landet til uttalelse. Enhver som har noe på hjertet skal få komme med det. For det andre er det tatt et steg tilbake i enkelte spørsmål. Noen salmer får igjen sin gamle form. Igjen skal det lyde "Her kommer dine arme små" i stedet for "Her kommer Jesus dine små". For det tredje blir det tatt sterkt hensyn til hvilke salmer som i faktisk bruk har forsvart sin plass. Problemet blir avgrensningen. Dette tenkes løst på

den måte at det blir en salmebok i to bind. Bind I vil vel inneholde det forholdsvis sikre kjernestoffet, mens i bind II får de salmene plass som skal få prøve seg. Det kan altså bli aktuelt å revidere bind II oftere enn bind I. Spørsmålet kan bli om alle ser seg råd til å kjøpe inn fullt sett av begge bind.

Den som har sett utkastet vet at det er mye å glede seg over. Noen ting kan man stille spørsmålstegn ved – og det har vi muligheten for i tiden som kommer. Man regner med at ny salmebok skal foreligge ferdig om to år.

*Helge Storset*

## Søndagsskulearbeidet på Nordmøre held stand

Hans Orset er kretssekretær/konsulent for Nordmøre Søndagsskolekrets. Han bur i Torvikbukta og har 50% stilling med ansvar for administrasjon og sal av materiell. Han reiser også rundt til søndagsskulane for å inspirera dei. Hans har vore kretssekretær frå 1994 i samarbeid med Romsdal krets. Samarbeidsavtalen tok slutt i 1996.

«Vi gleder oss stort over at søndagsskolen faktisk har holdt stand på Nordmøre de siste 15 årene,» seier Hans optimistisk. «Vi har omtrent like mange barn og søndagsskoler nå som i midten av 1990-årene. På landsbasis ser vi at statistikken har gått nedover i samme periode.»

Grunnen til det meiner Hans er «kanskje fordi vi har så mange gode støttespillere på Nordmøre? Og vi tror forbønnen for søndagsskolen har økt i takt med motstanden

og utfordringene vi stadig har møtt på. Som kjent har skolen i enda større grad frasagt seg ansvar for kristendomsopplæringen.

Men så har vi fått dåpsopplæringsplan og ikke minst Trosopplæringsreformen. Dette har bidratt til at søndagsskulearbeidet nå opplever bedre tider.

På Nordmøre har vi veldig mange gode og trofaste ledere rundt om. Disse er vi svært takknemlige for. Men vi ser det mangler en del på rekruttering av yngre medhjelpere. Vi har derfor hatt en del hjelpelederkurs. SLUSH heter det nye opplegget, og bokstavene står for 'Sprell Levende Unge Søndagsskole Hjelpere'.»

Hans fortel at dei har arrangert to SLUSH-leirar også og at det i haust skal vera kurs for Sunndal kommune.

«Det som oftest er vår

store nød er der foreldrene ikke ser og prioriterer søndagsskulearbeidet. Barna vil nok komme, men de må ha noen til å hjelpe seg av sted. Det følger et ansvar med å døpe barna. De må følges opp med opplæring når de vokser opp. Vårt mål er «Jesus til barna» og dette skal vi lykkes med!»

ERE



Hans Orset reiser rundt til søndagsskulane for å inspirera dei.  
Foto: Ingunn Karijord

## Jubileumsfest

Nordmøre Søndagsskolekrets er 100 år!  
Vi feirer med barnegospelfestival på Høgtun 1. november.

kl.11.00: Start med SEVEN (sang, dans og drama) Parallelt opplegg i Gjenneshallen for alle andre)

kl.13.00: Lunsj på Høgtun

kl.13.45: Fortsettelse med SEVEN og i Gjenneshallen

kl.16.00: Jubileumsprogram i festsal

kl.17.00: Jubileumsmiddag

kl.18.00: Konsert med SEVEN

kl.19.00: Avslutning med stor kakefest

Pris: Barn 4-12 år: kr 100,-  
Voksne: kr. 200,-

Påmelding: hans.orset@sondagsskole.no  
/ 95746461

*Arr: Nordmøre Søndagsskolekrets*

Søndagsskole også på nett:  
[www.sondagsskolen.no](http://www.sondagsskolen.no)

«For barna er foreldrene de viktigste formidlerne av tro, normer og religiøse forestillinger – både gjennom fortelling og levd liv. Barnet bygger opp sin egen religiøse identitet ved å gå inn i de roller og holdninger som foreldrene har definert.» Hanne E. Strømsvik, psykolog.

## 100-årsjubileum

Helga 11. - 12. oktober markerte Menighetsfakultetet 100-årsjubileum med stor feiring.

Neste nummer kjem ca. 10. desember Frist for innsending av stoff er 10. november.

## Gudstenester i Indre Nordmøre prosti



Høyr kor kyrkjeklokka lokkar med ein høg og heilag klang

### 2. november - Allehelgensdag

Preiketekst: Åp 21,1-7

- Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Minnegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer. Kirkekaffe.
- Halsa kirke kl. 15:00 Minnegudstjeneste ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer. Kirkekaffe.
- Rindal kirke kl. 11:00 Allehelgensdagstjeneste. Bjørndal. Takkoffer til Det teologiske Menighetsfakultet.
- Øvre Rindal kapell kl. 14:00 Allehelgensdagstjeneste. Bjørndal. Takkoffer til Det teologiske Menighetsfakultet.
- Stangvik kyrkje kl. 11:00 Allehelgensdagstjeneste. Venås.
- Todalen kyrkje kl. 14:00 Allehelgensdagstjeneste. Todalskoret. Venås.
- Åsskard kyrkje kl. 19:30 Allehelgensdagstjeneste. Korsong. Venås.
- Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Laskerud. Nattverd. Takkoffer til Bistandsprosjekt Aserbajdsjan.
- Hov kirke kl. 18:00 Storset. Sanggudstjeneste i samarbeid med "Kultursjokk". Kirkekaffe og "kirke-jam".
- Mo kyrkje kl. 11:00 Allehelgensdagstjeneste. Einy Elgsæther.
- Ranes kyrkje kl. 14:00 Allehelgensdagstjeneste. Einy Elgsæther. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- Straumsnes kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Gerd Anne Aarset. Nattverd. Straumsnes songlag. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet i Straumsnes.
- Tingvoll kyrkje kl. 16:00 Høgmesse. Gerd Anne Aarset. Nattverd. Tingvoll kyrjekor. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Tingvoll.
- Øre kyrkje kl. 11:00 Allehelgensdagstjeneste. Bøn, lyttening, nattverd. Dahle. Takkoffer til Det norske Misjonsselskap.
- Gjemnes kirke Åpen kirke kl. 16 – 17. Kl. 17:00 Kveldsgudstjeneste. Dahle. Kirkekaffi.

### 9. november - 26. s. e. pinse

Preiketekst: Luk 17,20-30

- Halsa prestegjeld Ingen gudstjeneste.
- Rindal kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Blomstrøm. Takkoffer til Sjømannskirken.
- Stangvik Inga gudstjeneste.
- Hov kirke kl. 11:00 Storset. Nattverd.
- Romfo kyrkje kl. 11:00 Boye. Nattverd.
- Ranes kyrkje kl. 16:00 Ungdomsgudstjeneste. Nattverd. Hvam. Takkoffer til Norsk Misjon i Øst.
- Tingvoll Ingen gudstjeneste.
- Øre kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Magne Bergslid. Takkoffer til Norsk Misjon i Øst.

### 12. november – onsdag

Stangvik kyrkje kl. 19:30 Tonekveld. Allsong frå ny salmebok.

### 16. november - 27. s. e. pinse

Preiketekst: Matt 13,31-33

- Valsøyfjord kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd ved sokneprest Blomstrøm. Takkoffer.
- Rindal kirke kl. 19:30 Tomasmesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til menighetsarbeidet.
- Todalen kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. 4- og 6-årsbok. Venås. Takkoffer til Todalen søndagsskule.
- Hov kirke kl. 11:00 Laskerud. Takkoffer.

- Ålvundeid kyrkje kl. 11:00 Storset. Nattverd. Takkoffer til Kyrkjebladet.
- Kyrkjelydshuset Skei kl. 11:00 Gudstjenesteleg møte. NLM.
- Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Bjørn Hovde. Takkoffer til Vassbotn leirstad.
- Straumsnes kyrkje kl. 16:00 Familiegudstjeneste. Straumsnes Barnegospel tar del. Bjørn Hovde. Takkoffer til Barnegospelkoret.
- Gjemnes kirke kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Gerd Anne Aarset. Takkoffer til norsk Misjon i Øst. Kirkekaffi.

### 23. november - Siste søndag i kyrkjeåret

Preiketekst: Matt 25,1-13

- Halsa kirke kl. 11:00 Gudstjeneste med nattverd. Takkoffer.
- Øvre Rindal kapell kl. 11:00 Høymesse. Nattverd. Bjørndal. Takkoffer til Familie og Medier.
- Åsskard kyrkje kl. 11:00 Gudstjeneste. 4- og 6-årsbok. Venås. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet.
- Hov kirke kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Storset. Takkoffer.
- Romfo kyrkje kl. 20:00 Sangkveld. Øksendal songlag m.fl.
- Mo kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Hvam. Takkoffer.
- Tingvoll Inga gudstjeneste.
- Øre Inga gudstjeneste.

### 29. november - laurdag

Stangvik kyrkje kl. 17:00 Juleoratoriet.

### 30. november - 1. søndag i advent

Preiketekst: Jes 62,10-12

- Halsa prestegjeld Ingen gudstjeneste.
- Rindal kirke kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Bjørndal. Takkoffer til ACTA - Barn og unge i Normisjon.
- Stangvik kyrkje kl. 16:00 Lysmesse. Bibelutdeling. Venås. Takkoffer til Kirkens Bymisjon.
- Hov kirke kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Boye. Nattverd.
- Ålvundeid kyrkje kl. 19:00 Lysmesse, utdeling av bok til 6-åringar. Laskerud.
- Øksendal kyrkje kl. 20:00 Lysmesse. Boye. Øksendal songlag.
- Øye kyrkje kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Hvam. Takkoffer til Redd Barna.
- Tingvoll kyrkje kl. 11:00 Familiegudstjeneste. Bjørn Hovde. Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet i Tingvoll.
- Straumsnes kyrkje kl. 16:00 Lysmesse. Konfirmantane tar del. Gerd Anne Aarset. Takkoffer til Kirkens Nødhjelp.
- Øre kyrkje kl. 11:00 Familiegudstjeneste, Søndagsskulens dag. Dahle. Takkoffer til Nordmøre søndagsskolekrets. Kyrjekaffi.

### 2. desember - tysdag

Straumsnes kyrkje kl. 20:00 Johan Anderson, trekkspill. Straumsnes songlag.

### 3. desember – onsdag

Øye kyrkje kl. 19:30 Konsert.

### 4. desember - torsdag

Øye kyrkje kl. 19:30 Lysmesse. Hvam.

### 6. desember - laurdag

Stangvik kyrkje kl. 16:00 Adventskonsert.

### 7. desember - 2. søndag i advent

Preiketekst: Luk 21,25-33

- Halsa kirke kl. 16:00 Lysmesse ved konfirmantane fra Halsa og Valsøyfjord sammen med sokneprest Blomstrøm. Takkoffer.
- Rindal kirke kl. 19:30 Lysmesse. Bjørndal. Konfirmantane deltar. Takkoffer til NKSS.
- Todalen kyrkje kl. 15:00 Adventskonsert. Takkoffer til Kyrkjemusikalsk arbeid.
- Åsskard kyrkje kl. 19:30 Adventskonsert.
- Hov kirke kl. 19:00 Lysmesse. Laskerud og Boye.
- Gjøra kapell kl. 20:00 Lysmesse. Storset. Takkoffer til Romfo søndagsskule.
- Ranes kyrkje kl. 11:00 Høgmesse. Nattverd. Hvam. Takkoffer til Kyrkjelydsarbeidet..
- Tingvoll kyrkje kl. 16:00 Lysmesse. Konfirmantane tar del. Gerd Anne Aarset. Takkoffer til Kristen Interkulturelt Arbeid.
- Gjemnes kirke kl. 11:00 Gudstjeneste. Dahle. Kirkekaffi.
- Øre kyrkje kl. 19:30 Lysmesse. Dahle. Konfirmantane deltek.

## DØYPTTE — VIGDE — DØDE

## Døyppte

## VALSØYFJORD

21.09 Anne Raknes Røskar  
21.09 Nora Gundersen Sæther

## RINDAL

27.09 Jo Helgetun Schei

## STANGVIK

24.08 Emma Brøske Buan  
21.09 Dennis Berg-Forså  
21.09 Lars Kvande Gravvold

## ÅSSKARD

31.08 Lisa Sæterbø Johnsen  
31.08 Vegard Aasbø  
28.09 Fredrik Settemsdal  
28.09 Arnstein Engset Sannes

## HOV

24.08 Leah Nikoline Rødset Lunde  
31.08 Theo Furu

31.08 Mia Slaatmo Mikkelsen  
07.09 Sivert Lorentz Husby  
14.09 Thomas Hoås Wennevold

21.09 Eirin Svanberg Linseth  
21.09 Elise Melkild Røen  
21.09 Oliver Strømme Lien

## ØKSENDAL

24.08 Andrea Marie Gravanæs

## ØYE

31.08 Thor Alfred Sæter Lediard

05.10 Åsmund Humberst

## RANES

28.09 Natalie Moen Fiske  
28.09 June Skei Kaspersen

## MO

07.09 Inga Blomstrand Harang  
07.09 Eiri Lysø  
07.09 Johan Moen Grøtan

## STRAUMSNES

21.09 Iver Aasen Naalsund

## TINGVOLL

28.09 Morten Silvar Eliassen

## Vigde

## RINDAL

13.09 Veronika Bye Johansen og  
Tor Anders Halsetrønning

## STANGVIK

30.08 Eirin Beathe Sollid og Lars Polden  
13.09 Irene Krangnes og Audun Røen

## TODALEN

23.08 Kari Ingeborg Sjøland Øyen og  
Håkon Valter Saksen

## HOV

16.08 Jeanette Hansen og Kaveh Poori  
30.08 Sissel Rolandsen og Per Furu  
05.09 Aud Jorun Hals og Bjørn Røkkum  
(Viet i Kirketunet kapell)

## ÅLVUNDEID

13.09 Målfrid Helene Ekli og  
Hallgeir Hattrem (Viet i Innerdalen)

## ØYE

09.08 Kathrin Vaag og Anders Bolme

## STRAUMSNES

30.08 Elin Vatten og Stian Solem

## TINGVOLL

23.08 Therese Sørensen og Trond Hoem

## GJEMNES

30.08 Tone Johansen Grønseth og  
Frode Åndal

## Døde

## HALSA

28.08 Nora Aakvik f. 1911  
02.09 Mardis Beate Aafarli f. 1934  
07.10 Asbjørg Hønsvik f. 1921

## VALSØYFJORD

04.09 Helge Sødahl f. 1923  
09.09 Astrid Stenberg f. 1925  
23.09 Peder Johan Heggset f. 1916  
03.10 Astrid Marie Sæter f. 1946

## RINDAL

03.09 Einar Løseth f. 1919

## TODALEN

06.09 Astrid Ørsal f. 1918  
20.09 Odd Aarnes f. 1930

## ÅSSKARD

17.08 Ole Agnar Reiten f. 1933

## HOV

04.08 Ingeborg Hektoen f. 1921  
09.08 Gudmund Dreyer Øyen f. 1932  
10.08 Finn Sørum f. 1926

15.08 Børre Arnet f. 1926

18.08 Trine Kletten f. 1939

22.08 Karin Gjertine Kvalstad f. 1943

24.08 Ingvar Torvik f. 1915

06.09 Ivar Jan Karlsen f. 1936

10.09 Kjell Arne Sæther f. 1943

17.09 Ragnhild Johansson f. 1934

17.09 Gunnar Ottem f. 1922

19.09 Randi Polden f. 1956

## ØYE

18.09 Margot Flyum f. 1915

## RANES

25.08 Oddbjørg Nordvik f. 1922  
23.09 Astrid Oline Myrhaug f. 1925  
26.09 Jon Rindalsholt f. 1917

## MO

11.09 Hanna Moen f. 1920

## STRAUMSNES

18.08 Einar Magnus Lindås f. 1930  
31.08 Tore Grimstad f. 1922

## TINGVOLL

22.08 Berit Holmeide f. 1913  
26.08 Gunhild Koksvik f. 1915  
30.08 Harald Arvid Carlsen f. 1944  
02.09 John Hammond Stølen f. 1924  
15.09 Arild Torleiv Ulvund f. 1946  
21.09 Else Andrea Simonsen f. 1914

«Kirken dør uten trosopplæring. Kirkenes håp og ideal er at barna blir ført fra dåpens nåde til bevisst tro på Jesus.» Jon Magne Lund, redaktør Vårt Land

«Ledelse handler om å tenke fremover. Det betyr at kirken må prioritere å ha et sterkt ungdomsarbeid.» Magne Lerø, redaktør for Ukeavisen Ledelse

«Det er ikke slik at Gud er glad i oss fordi vi oppfører oss bra, men det er slik at Gud elsker oss fordi vi er hans barn og han er vår far. En god far elsker ikke sitt barn fordi det er snilt, men fordi det er hans barn.» Karsten Isachsen, prest og forfatter, i boka «Gledens Gud».

## Barnebøker, spel og CD-rom med kristent innhald:

**Barnesalmeboka.** Eit utval på 333 salmetitlar for barn frå 6-12 år. (IKO/Verbum)

**Jesusmysteriet – et bibelsk opplevelsesspill** (Det norske bibelseskap)

**Puslebibelen og Den store puslebibelen.** Kvar inneheld 6 bibelforteljingar som er laga som puslespel (Søndagsskoleforbundet)

**Frosker uten bein kan ikke høre – Å nære tro i hjem og menighet.** David W. Anderson og Paul Hill (IKO-forlaget) Praktisk trosopplæring.

**Prinsen av Egypt, Josef, drømmenes konge og Josef**  
Storslagne animasjonsfilmar (DVD) med høg kvalitet. (Søndagsskoleforbundet)

**La meg få høre om Jesus.** Gjenfortalte Jesushistorier. (Lunde forlag)

**Jesus forteller, Julefortellingen, Påskefortellingen, Den bortkomne sønnen, Den barmhjertige samaritan, Samuel.** Ein serie enkle bibelforteljingar (Lunde forlag)

**Tre i et tre.** Bok om venskap. (IKO-forlaget)

**Pelle og de to hanskene.** Kari Vinje. Ei god bok for barn om døden. (Luther forlag)

# Tro er ingen individuell konkurranse

Andakt av Jan-Fredrik Laskerud

**Du skal elske Herren din Gud av hele ditt hjerte og av hele din sjel og av all din forstand**

Under mitt første prestevikariat på Sunndal hadde jeg i konfirmandundervisningen om det dobbelte kjærlighetsbud. Jeg spurte da konfirmandene om dette Jesusordet: "Elske Herren din Gud av HELE hjertet, hele sjelen og ALL FORSTANDEN!!!" Er dette mulig?!?" spurte jeg, "Tror dere noen helt og fullt kan oppfylle dette budet fra Jesus?!" Det ble stille i konfirmandflokkene. Da var det at en av konfirmandene forsiktig strakk opp en hånd og sa med prøvende stemme; "...Nja, ...det måtte einast væra'n Bjørn Hovde det!" (soknepresten på Ålvundeid), Jeg og Hovde har ledd godt av denne historien. Av og til møter jeg også folk som står i et

utrolig sterkt tillitsforhold til Gud. Det blir veldig tydelig for meg at det at jeg er prest på ingen måte betyr at jeg er nærmere Gud enn andre i kommunen. Da hender det at jeg tenker: Jeg også burde kanskje hatt det samme intense forholdet selv? Hvordan kan jeg i det hele tatt være prest, når andre har et så mye sterkere forhold til Gud enn meg. Jeg trøster meg alltid med et visdomsord fra en prest jeg møtte en gang. "Du skal tenke stort om din egen tro." sa hun. "Du er god nok!"

Dette har blitt et viktig ord å huske for meg oppgjennom. Kristendom er ingen **individuell idrett**, vi skal ikke konkurrere oss imellom om å komme nærmest Gud. Ideal og forbilder må vi gjerne ha, men bare så lenge vi unngår å stemple oss selv som tapere i forhold til ideal vi ikke når.

Om kristendommen skal sammenlignes med en idrett skal det i alle fall være en lagidrett, det er hva vi sammen får til som er viktig, og det er viktig at vi styrker hverandre og gjør hverandre gode.

Å være kristen skal ikke handle om å konkurrere om den mest spektakulære nærhet til Gud eller miraklet. For jeg **tror**, jeg **håper** og jeg har **tillit til** at Gud kommer til oss når vi roper, med den nærhet og tilgivelse som hver enkelt trenger.

Ditt forhold til Gud er **ditt**. La ingen si at det er for dårlig eller for sterkt. Snakk gjerne om ditt forhold til Gud, men bare om du makter å la være å sette det opp til måls mot andres forhold.

Gå i fred og tjen Herren med glede.

## Fakta

Det ble startet 100 nye søndagsskoler i 2007.

«Barnas» som er utgitt av Norsk Søndagsskoleforbund, er Norges største kristne barneblad.

«Sprell levende» er et komplett opplegg for trosopplæring i små og store søndagsskoler og barnegrupper.

«Norsk Søndagsskoleblad» er en viktig kilde til inspirasjon og informasjon for alle aktive søndagsskolearbeidere.

Mer enn 75 % av alle fødte barn i Norge blir døpt inn i Den norske kirke, over 44.000

## Søndagsskolen på Nordmøre

Nordmøre Søndagsskolekrets av Norsk Søndagsskoleforbund vart stifta 4.-6. november 1908 i Kristiansund. Men lenge før det vart det starta søndagsskular i kretsen. Alt på 1870-talet kom dei første søndagsskulane i gang, og før arbeidet vart organisert i 1908, var det over 10 søndagsskular i gang. I 1890 hadde søndagsskolen i Kristiansund eit medlemstal på 300 born. I 1909 var det alt starta 25 søndagsskular i kretsen. I 1958 var talet gått opp til nær 100 søndagsskular med nær 4000 born. Mange som lever i dag har nok vore med i ein av desse. I jubileumsåret har kretsen 47 registrerte søndagsskular, av desse 21 i Indre Nordmøre. (Ref: Festskrift for Nordmøre Søndagsskolekrets)

## Dåp og medlemskap i kyrkja

Det er dåpen som er inngangsbilletten til medlemskap i kyrkja vår. Men etter norsk lov kan born av foreldre der minst ein er medlem av Den norske kyrkja høyra inn under kyrkja frå fødselen av. Også born av foreldre som ikkje er medlemar av kyrkja kan høyra inn under denne så framt foreldra melder frå om det til kyrkjebokføraren. Borna blir da rekna som ein del av medlemsmassen i Den norske kyrkja fram til dei er 18 år gamle.

Dette ynskjer kyrkjerådsdirektøren å endra på i samband med utviklinga av eit nytt, nettbasert medlemsregister. «I prinsippet mener jeg at det er kun døpte som skal være medlemmer av Den norske kirke.» seier Jens-Petter Johnsen. Ref: Vårt Land

## Visjon

Søndagsskolens visjon er **Jesus til barna!** Søndagsskolen vil gi barna Guds ord gjennom en systematisk og helhetlig opplæring i den kristne tro. På søndagsskolen får barna mulighet til å feire gudstjeneste på egne premisser og mulighet til å fungere i et kristent fellesskap.

## Musikkpris

Surnadaling, musiker og komponist Henning Sommerro, som også har skrive kyrkjemusikk og salmemelodiar, er nominert til Nordisk Råds musikkpris for musikalen «An-Magritt»

## Bibelen

I fjor vart 391 millionar bibeldelar distribuert på verdsbasis, det meste er utdrag frå Bibelen, men av dette vart det seld 27 millionar heile biblar, av Nytestamente 13 millionar eksemplar. Over halvparten, 8,2 mill var seld i Asia, i Europa og Midtausten til sammen 2,1 millionar.

Generalsekretær Stein Mydske i Det Norske Bibelselskap seier at Bibelen er den mest selde boka i verda år etter år, men hovudutfordringa her i Vest-Europa er at den også må bli den mest leste boka.

*«I søndagsskolen satser vi mer ressurser enn noen gang på prosjekter og opplegg som kan gi Jesus til enda flere barn.»*

*Erling Ekroll, generalsekretær i Norsk Søndagsskoleforbund.*





# HALSA

Halsa - Valsøyfjord

Soknepresten 71 55 96 38  
 Kirkekontoret 71 55 96 39  
 E-post kirkeverge:  
 kirkeverge@halsa.kommune.no  
 Bildet: Halså kirke

## Korvetten

Inger Karin Foseide driv søndagsskule på Vågland i Halså. I mange år var det «korvett», men den er no innmeld i Søndagsskuleforbundet og blir halde annakvar onsdag som før. Inger Karin har vore med som leiar i 18-19 år, frå ho kom til Halså frå Rodal og såg at Elin Blomstrøm trong hjelp. «Det er eit driv eg har heimefrå, for mamma dreiv barneforening,» seier Inger Karin. «Og eg meiner det er eit kjempeviktig arbeid og viktig å stå på, sjølv om oppmøtet kan

skifta.» No har dei vore 7-16, tidlegare var det 40-50 ungar. Dei har song og samversstund med bibelforteljning, ymse aktivitetar, og dei opptre i kyrkja og på sjukeheimen. 1. november skal dei vera med på jubileumsfest på Høgtun og 13. november skal dei syngja i Valsøyfjord kyrkje sammen med «Søvassli-ringen» søndagsskule, som er dreve av Anne Jenny Rodal, med 24 born. Dei deltek også på leirar på Søvassli Ungdomssenter. *ERE*

## Fikk 4-årsbok

Ihne Botten Henden og Eirik Botten Silset var både litt kry og stolt, da de etter gudstjenesten i Valsøyfjord kirke søndag 21. september viste fram boken de hadde fått. De var to av guttene og jentene som fikk utdelt 4-årsbok ved gudstjenestene i de to kirkene i Halså denne søndagen. Til sammen var det ni i Halså og ni i Valsøyfjord som fikk utdelt bok. At boken som de fikk utdelt av sokneprest Erik Blomstrøm, og som het "Linda og den lille kirka" var skrevet av Jan-Fredrik Laskerud, var ekstra artig; det var nemlig han som vikarierte som prest i Halså da Erik Blomstrøm var sykemeldt for en tid siden.

Samme søndag var det også markering av høsttakkefest. I den anledning hadde to damer fra Valsøyfjord Bygdekvinnelag pyntet i kirken med forskjellige grønnsaker og frukter. Riktig så flott!

*Kåre Egil Hendset*



Ihne Botten Henden (til venstre) og Eirik Botten Silset viser fram boka de har fått.  
 Foto: Kåre Egil Hendset

## TAKK TIL LEDERE OG KONFIRMANTER!

Andre helga i september var det stor konfirmanttur til Mjuklia ungdomssenter på Berkåk. 54 konfirmanter fra Halså, Valsøyfjord, Øye, Raner og Mo var med på ulike aktiviteter, undervisning, gudstjeneste, lek og moro. Vi hadde en kjempetur! Vi har en alle tiders gjeng med konfirmanter! Og så har vi et strøket team med ledere: Karen Oddny Gravvold, Sigfred Gravvold, Elin Vøllestad Blomstrøm, Kristian Settem, Mali Settem, Kirsti Hjørnevik, Ingrid Moen, Sigrid Bjerket Moen, Olav Foseide, Brit Mari Rørseth, Anne Turid Aasen og Håkon Syrstadeng. I tillegg kom Per Oddbjørn Røkkum og instruerte i bueskyting, og ledere fra Mjuklia sto for samhandlingsløype. Takk for topp innsats til samtlige!!!

*Erik Blomstrøm*



50-årskonfirmanter i Valsøyfjord:  
 Bakerste rekke, fra venstre: Gunnar Hestnes, Jan Tormod Næss, Henrik Arnfinn Wærdahl, Sverre Arvid Gjovikli, Helge Hjeldnes.  
 Fremste rekke, fra venstre: Reidun Fjærli, Ellinor Fjærli Husby, Frøydis Otnes Ness, Jorunn Botten Sandvoll. Foto: EB



50-årskonfirmanter i Halså:  
 Bakerste rekke, fra venstre: John Bjarne Sæter, Ola Skålvik, Steinar Reiten, Peder Gudmund Vågland, Olav Vullum.  
 Midterste rekke, fra venstre: Malfrid Gjengstø Seland, Annbjørg Betten, Norvald Røe, Ingvar Betten, Åse Bårdset, Birgit Elfrida Sandnes.  
 Fremste rekke, fra venstre: Sylvania Foss Dyrset, Oddbjørg Johanne Romfo Iversen, Serine Kvande Heggset. Foto: EB



Bueskyting var en av aktivitetene på konfirmantleiren.

### Søndagsskular i Halså prestegjeld:

Korvetten Vågland Inger Karin Foseide  
 Søvassliringen Anne Jenny Rodal



# SURNADAL

Øye - Mo - Ranese

Kyrjekontoret 71 65 70 60  
 Telefaks 71 65 70 61  
 Sokneprest Stangvik 71 66 33 30  
 E-post kyrkjeverje: ingeborg.nordlund  
 @surnadal.kommune.no  
 Biletet: Ranese kyrkje - Stangvik kyrkje



## NYTTÅRSNATT i kirka, for alle 11-åringar

Fra lørdag 29. til søndag 30. november (1. søndag i advent) skal barn og voksne fylle kirkerom rundt i landet. Dette er kirka si nyttårsfeiring.

Alle 11-åringar i Rindal og Surnadal blir invitert til å feire denne natta, med å overnatte i en av våre kirker. Da skal vi prøve å skape ei historisk adventsnatt de aldri kommer til å glemme!! Og vi skal prøve å vise dem at kirka har rom for alle, - hele døgnet, hele livet.

Dette er en del av Trosopplæringsreformen i Den Norske Kirke, og det er derfor et landsomfattende tiltak.

Vi håper det skal bli en ettermiddag, kveld og natt, som setter positive spor hos

### Laurdagsskule

I Nedre Surnadal har dei søndagsskule laurdag på Kyrkjelydshuset kl 11-12 med bibelforteljing, leikar, aktivitetar og servering. Inger Marie Paulsen, som har lang erfaring frå skulen, har dreve søndagsskule i mange år, no sammen med Mali og Kristian Settem. For 10-12 år sidan prøvde dei å leggja det til butikksenteret, også som eit tilbod til foreldra medan dei handla, men det fungerte ikkje så godt, og det er sentralt og fint på Kyrkjelydshuset.

### Bibelkunnskap

«Får ikkje borna bibelkunnskap, har dei ikkje noko å byggja vidare på,» seier Ragna Meisingset som tok over søndagsskulen i Øvre Surnadal på 80-talet. Ragna og svigerdotter Gunnhild samlar frå 6 til 14-15 born til søndagsskule på bedehuset annakvar søndag. Dei brukar litt av det nye hjelpestoffet frå «Sprell levande», men likar best det gamle opplegget som fortsatt er i gang med tekstgjennomgåing frå Søndagsskulebladet. Dei gjer også bibelspel og teiknar julekort til born i Romania.

«Når ein merkar at borna hugsar det dei lærte, gir det mot til å halda fram, men det er eit tankekors at foreldre som døyper borna sine, ikkje nyttar seg av dei tilbod som er for dåpsopplæring,» tykkjer Ragna. *ERE*

den enkelte. Vi skal leke, spise, kose oss, bli ennå bedre kjent med kirka og oppleve søndagens gudstjeneste som en avslutning på arrangementet.

Invitasjoner kommer i posten, til alle 11-åringar (født i 1997), som er døpt.

De som hører til Stangvik, Todalen og Åsskard inviteres til Stangvik kirke. 11-åringene fra Øye, Ranese og Mo samles i Øye kirke og rindalingene inviteres til Rindal kirke.

*Marit Syrstadeng*



«Å formidla bodskapen om Jesus er vel noko av det viktigaste ein kan gjera. Borna treng kjennskap og kunnskap, og songar dei lærer i 6-7 årsalderen fylgjer dei heile livet,» seier Inger Marie, som ser på dette som eit stort og viktig arbeid.

«Men borna treng at foreldra legg til rette for at borna kan vera med, t.d. med skuss og støtte. Dei er dyktige til å velja klede og merkevarer for borna. Men det er merkeleg at dei ikkje legg meir til rette for at borna kan velja ståstad i livet. Dei kan ikkje venta at fireåringen skal velja sjølv og be om å få gå på søndagsskulen, like lite som at dei kan vita kva dei treng av klede,» meiner Inger Marie, som ser stort på dette arbeidet og gler seg også til å delta på jubileumsfeiring med søndagsskuleborna på Høgtun 1. november. *ERE*



Søndagsskulen på hyttetur i 2007.

Foto: R. Mikkelsen

## STORINNRYKK

Allehelgensdag kommer det til å kry av konfirmanter og andre unge på Bolme i Rindal. Vi får besøk fra Roadservice, og har trommet sammen konfirmanter fra Halså, Surnadal og Rindal.

Roadservice er et samarbeid mellom Agder og Telemark bispedømmeråd, Kirkens Nødhjelp og Skjærgårds Music & Mission. Teamet deres består av ungdommer som underviser konfirmanter og lager konsert. De tilbyr også et kort bandkurs.

Alt dette har menighetene i de tre kommunene tenkt å benytte seg av. Så søndag fra fem til halv ti blir det full rulle i Torshall i Rindal (bandkurset er for noen få, og starter tidligere). Vi tror dette gir konfirmantene våre en unik opplevelse, og bidrar til å avlive myten om at det å flagge kristen tro er noe sært, som bare angår gamle folk.

Klokka sju er det konsert med kafé etterpå, og denne delen av arrangementet er åpen for alle.

- Å ta imot dette teamet gir oss på mange måter et godt opplegg servert på sølvfat, sier sokneprest Magne Bjørndal til Kyrkjebladet. Men han understreker at det også krevjer mye arbeid fra lokale krefter. Soknerådet i Rindal er hovedarrangør, men alle de sju andre sokneråda må også stille opp. De må sørge for transport for "sine" konfirmanter, og stille med folk som hjelper til med det praktiske.

Etter konserten reklamerer Roadservice med Singstar.

- Det vet jeg knapt nok hva er, medgir presten. - Det har visst noe med karaoke å gjøre, og det skal iallfall ikke jeg begi meg ut på, forsikrer han.

Nysgjerrige finner mer på [www.roadservice.no](http://www.roadservice.no). Der forteller ungdommene om seg selv, og rapporterer fra stedene de besøker.



Ungdommene fra Roadservice vil gi konfirmantene fra Halså, Surnadal og Rindal en spesiell opplevelse 2. november. Foto: Roadservice

## STANGVIK

Stangvik - Todalen - Åsskard



## RINDAL

Rindal sokn

Menighetskontoret 71 66 47 55  
Telefaks 71 66 47 01  
E-post kirkeverge:  
ingeborg.nordlund  
@rindal.kommune.no  
Bildet: Rindal kirke

## Ny leiar

Todalen har i haust fått ny søndagsskuleleiar, Signe Grønmyr, som har lang erfaring frå skulearbeid. Ho trur at det er dette ho skal gjera no etter ho slutta i skulen, og ynskjer å koma i gang med regelmessig søndagsskule i samarbeid med Hans Orset og fleire.

## Lang fartstid

Gunvor Flaa, som driv søndagsskulen på Kvanne sammen med Marit Hyllbakk, har vore søndagsskulelærer i over 40 år, frå ho starta i Halså i 1965, og på Kvanne, frå 1969 sammen med Jakob Melhus, som no er død. Dei har eit godt samarbeid med Surnadal søndagsskule, der Inger Marie Paulsen er leiar og kontaktperson for området.

«Om eg kan bli sliten og trøyt,» seier Gunvor, «så har eg nytte av dette i mitt eige kristenliv, eg må arbeida med tekstene. Og eg føler dette som mi oppgave, og trur det er til nytte for Guds rike.»

Omlag 10 born samlast på Kvanne bedehus søndagar det ikkje er gudsteneste i Stangvik. Dei brukar hjelpestoffet i «Sprell levende» med bibelforteljingar, bildeplan-sjar, flanellograf, aktivitetar og mykje song. Dei har alltid ei hyggestund med litt kjeks og saft.

## Sprell levende barneforening

Det var stort oppmøte på høstens første møte i Rindal barneforening. Dagens tema var skapelsen, mest om alle dyra Gud har skapt. Utover høsten skal alle få lære sangen

Karin Brøske er svært glad i å reisa. Ho har reist i fleire land og har nyleg vore tre månader i Sør-Afrika. Etter jul skal ho til Kerala i Sør-India. Ho har aldri vore der før, men kvier seg ikkje på å reisa åleine sjølv om ho ikkje ser.

«Det er fantastisk,» seier Karin. «Eg blir kjent med så mange nye menneske.» Ho har stor brevkorrespondanse rundt om i verda. For to år sidan var ho også i Sør-Afrika og



Søndagsskulen arrangerer også søndagsskulefrokost for familiar, og dei besøker aldersheimen og syng for dei gamle.

ERE

vart godt kjent med eit tysk-amerikansk misjonærektepar som ho har god kontakt med og som inviterte henne tilbake. Ho gjekk i ein anglikansk menighet der ho straks vart inkludert og var med i ei bibelgruppe for unge vaksne ein gong for veka, forutan gudstenestene. Under opphaldet var ho og tilknyta ein liten organisasjon kalla «Family Mission». Dei driv evangelisering og hjelpearbeid, t.d. matutdeling for fattige. Karin hjelpte også med å administrera «e-mail-ministry» med utsending av 3000 e-postbrev pr veke til heile verda. Og ho var med og evangeliserte i gatene. Ho ynskjer sjølv å byggja opp ein organisasjon i kristen regi for å hjelpa blinde i utviklingsland.

Turen til India er tilknyta ein kristen organisasjon som driv opplæring i å starta egne organisasjonar. Det er dette Karin ynskjer å læra dei 11 månedene ho skal vera der. Og ho reknar med å få mange nye vener.

ERE

Foto: ERE

## Rindal

### Julemesse

Julemessa for Norsk Luthersk Misjonssamband blir i Rindal bedehus 8. november frå kl. 11.00. Familiemøte kl. 15.00. Ivar Moen og Ruth Solbakk blir med.

### Se og bli sett

Temakveld på Lomundsjo bedehus onsdag 12. november kl. 20. "Om å se og bli sett" ved prost Gerd Aarset. Servering.



Randi forteller om skapelsen i Rindal barneforening.  
Foto: Arnhild Foseide Fagerholt

om Noas ark.

På møtet 17. november får foreningen besøk av Marit Syrstadeng. Da vil ho vise bilder fra turen sin til Madagaskar og fortelle om de barna som har fått leker og kosedyr fra barneforeningen i Rindal.

I høst er det ikke søndagsskole i Rindal, men noe av opplegget "Sprell levende" blir brukt i barneforeningen.

Ledere er Britt Sveen Bolme, Inghild Helgetun, Arnhild Foseide Fagerholt og Randi Haugland.

Alle barn fra 4 år er velkommen til Rindal bedehus mandag kl. 17.00-19.00. Datoer i høst: 3. november, 17. november, 1. desember.

AFF/SB

### Søndagsskular i

#### Stangvik prestegjeld:

Kvanne  
Todalen

Gunvor Ørsal Flaa  
Signe Grønmyr

### Søndagsskular i

#### Surnadal Prestegjeld:

Surnadal  
Øvre Surnadal

Inger Marie Paulsen  
Ragna Meisingset

# Ein veteran

Ragnhild Mikkelsen har dreve søndagsskule i Tana i 2 år og på Lykkjeeidet i 41 år, frå 1962 til ho slutta i 2003 fordi det var få born att på Eidet. Søndagsskulen var i bedehuset annakvar søndag. Ei tid var det 30-40 innmelde born, den største søndagsskulen i kommunen. Da var det ikkje så mange andre tilbod for borna som i dag, så nær sagt alle born var med. Ragnhild har hatt to generasjonar på søndagsskulen. Ho dreiv også yngres i mange år.

Borna lærte masse songar, somme har vorte flinke songarar også som vaksne, og dei song på sjukeheimen og på juletefestar. Ragnhild med fleire arrangerer

fortsatt juletefestar kvar jul, for det kjem så mange, sist 70 vaksne og 47 born. I dag er det eit samarbeid med Nedre Surnadal søndagsskule.

«Dei eg har hatt på søndagsskulen kjem med borna sine,» seier Ragnhild begeistra. «Det er så gøytt!»

Ho har ført referatbok heile tida, ein historisk og kulturell skatt. Ragnhild har trivdest så godt sammen med borna. Dei har gjort mange spennende ting som loppemarked og skirenn, aktivitetsdagar med masse folk, og sammen med Sigbjørn tur til hytta deira i Søyådalen i mange år, også med overnatting.

«Dette har vore eit rikt arbeid

som eg ikkje angrar på. Eg er veldig heldig som har hatt søndagsskulen den tida det var så mange trufaste born med. Det har vore så fint, og eg har mange gode minne.»

Ragnhild seier ho også har opplevd mykje fint sammen med folket på Eidet, foreldra til borna som stiller opp og er med i komitear og arrangement. Ho poengterer

at ho hadde ein god

medarbeidar i Lilly Gunn. «Ho var så flink og positiv og organiserte mange slags aktivitetar,» seier Ragnhild.

Dei store borna fekk også gå på treningskurs for søndagsskuleleiarar. Dei kunne da ta ansvar for grupper, så dei kunne dela opp klassen. Det var positivt.

«Søndagsskuletimane er det viktigaste,» meiner Ragnhild. «Eg ynskjer framfor alt at borna skal få eit godt og riktig bilde av Jesus, så dei kan vita at han er glad i dei, at han er glad i alle og at alle er like verdifulle.»

Ho tykkjer noko manglar dersom det ikkje er born med på samlingar. Ikkje alle samlingar er opplagt for born, men barnevenen Ragnhild har ein appell til foreldre: «Ta med borna!» Og ho vil også oppfordra alle talarar til å leggja merke til borna og inkludera dei når dei talar.



Ragnhild Mikkelsen har gjennomlevd tre forskjellige søndagsskulesongbøker.

Foto: ERE



Søndagsskuleborn på 60-talet. Foto: Mikkelsen.



Søndagsskuleborn på 70-talet. Foto: Mikkelsen.

## Kyrkjeblad for Indre Nordmøre Utgjevar: SOKNERÅDA PÅ INDRE NORDMØRE

### REDAKTØR:

Einy Rendal Elgsæther  
6645 Todalen  
71 66 02 81

E-post: ole-einy@frisurf.no

### REDAKSJONSSEKRETÆR:

Synnøve Bjørndal  
E-post: synnove.bjorndal@  
rindal.kommune.no

### BLADPENGAR:

Frivillig kontingent  
Kyrkjeblad for Indre Nordmøre  
Kontor Service A/S  
Postboks 72  
6630 Tingvoll  
Bankgironr.: 4050 40 46232

### SATS/REPRO/EKSP:

Vullum Design as  
71 66 50 80  
Fax 71 66 50 81  
E-post: post@vullumdesign.no  
6657 Rindal

### TRYKK:

Wennbergs Trykkeri AS  
72 88 98 00  
7075 Tiller

Einy Rendal  
Elgsæther